



Grunnskular med ungdomstrinn i
Sogn og Fjordane og Hordaland

Vår dato:

08.01.2019

Vår ref:

2019/783

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Karstein Fardal, tlf. 57643116

Innmelding av fagpersonar som kan nyttast til sensuropdrag ved sentralt gitt eksamen i grunnskulen våren 2019

Hordaland og Sogn og Fjordane vert frå 2019 ein sensurregion ved sentralt gitt eksamen i grunnskulen.

Fylkesmannen i Vestland, utdannings- og verjemålsavdelinga har ansvar for oppnemning av sensorar til skriftleg eksamen i grunnskulen i begge fylka.

Vi ber med dette om framlegg til fagpersonar som kan nyttast til sensoroppdrag våren 2019.

Innan 01. mars må skulane ha registrert fagpersonar i eksamensadministrasjonssystemet PAS-eksamen, dvs. lærarar som Fylkesmannen kan oppnemne som sensorar til skriftleg eksamen våren 2019.

Utdanningsdirektoratet sine nettsider inneholder all praktisk informasjon

Vi viser til Utdanningsdirektoratet sine sider når det gjeld all praktisk informasjon om oppnemning av fagpersonar, samt anna informasjon om eksamen. Informasjonen som ligg der vil til ei kvar tid vere oppdatert.

<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/administrere-eksamen/>

Rektor sikrar kvaliteten på sensurarbeidet

Vi er heilt avhengige av at rektor kvalitetssikrar fagpersonane frå eigen skule. Skal elevsvara få ei kvalitativt god og rett vurdering, må vi lite på at dei sensorane vi oppnemner er skikka for sensurarbeidet. Vi ber rektor leggje vekt på at aktuelle sensorar:

- har god innsikt i læreplanane og god vurderingskompetanse
- er fagleg dyktig og har undervisningskompetanse i faget
- har ein påliteleg veremåte
- har god arbeidskapasitet og samarbeidsevne
- har undervisningskompetanse i faget
- bør ha erfaring frå undervisning i avgangsklasse

På bakgrunn av dette ber vi rektor:



- motivere lærarar til å ta på seg sensoroppdrag og vurdere om det er nye lærarar som bør kome med. Fylkesmannen ønskjer at fleire yngre lærarar blir rekrutterte til sensurarbeid
- forsikre seg om at dei lærarane som rektor tilrår til sensoroppdrag verkeleg ønskjer å ta på seg eit slikt oppdrag om dei skulle bli oppnemnde
- oppdatere fagpersonregisteret i PAS-eksamen med lærarar som ynskjer å vere sensor
- foreslå nye fagpersonar
- hugse å føre på personnummer, e-postadresse og mobiltelefonnummer
- finne aktuell fagkode og hake av «Foreslå i fag»
- sjå til at foreslegne fagpersonar i norsk vert registrert i alle dei tre fagkodane, NOR0214 (hovudmål), NOR0215 (sidemål) og NOR1415 (fritak for vurdering i sidemål).

Kva får ein att for å vera sensor?

Vi har registrert at det er stor variasjon frå skule til skule når det gjeld interesse for å ta på seg oppdrag som sensor. Nokre skular melder inn mange fagpersonar, andre har få eller ingen. Å vera sensor er ei form for etterutdanning som har stor verdi for den einskilde lærar og for skulen. Det er ei fagleg oppdatering, ein får eit fagleg nettverk ut over eigen skule og ein får nye erfaringar i arbeidet med vurdering. I tillegg gjev det ei ekstra inntekt.

Det er svært verdfullt at så mange lærarar som mogeleg får sensorerfaring og får delta i dei faglege drøftingane på sensorsamlingar og fellessensurmøte. Den kompetansen læraren får som sensor bør nyttast i faglege drøftingar på eigen skule/i eigen kommune.

Oppnemning av sensorar

Fylkesmannen oppnemner sensorane for eitt år om gongen. Ein sensor har difor ikkje krav på oppnemning ut over det eine året. Det er ei målsetjing at både røynde og urøynde sensorar skal nyttast i sensorkorpset.

Ved oppnemninga vil vi, så langt det er mogleg, ta omsyn til at det skal vera tilnærma lik fordeling av begge kjønn i sensorgruppene for faga, at det er ei spreiing i alder og røynsle i sensorkorpset og at alle skular får oppnemnd minst ein sensor. Dei som skal fungera som sensorar vil få melding om dette i mars. Meldinga vert sendt direkte frå PAS til e-postadressa/mobilnummeret som er registrert på fagpersonen.

Ver elles merksam på følgjande:

- fellessensuren i 2019 er fastsett til mandag 17. juni i Bergen. Alle sensorane pliktar å møta på fellessensuren
- obligatorisk fagsamling for alle sensorane der ein drøftar årets eksamen. Den er fastsett til tysdag 4. juni i Bergen

Med helsing

John Ole Vange
seksjonsleiar
utdanning- og verjemålsavdelinga

Karstein Fardal
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent